



Sogndal 28.01.2021

Møtebok for Sogndal kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 27.01.2021
Møtetid: kl. 13:30 – 16.00
Møtestad: Kyrkjekontoret på Stedjetunet

Til stades:

Per Hilleren, Helge Ulvestad, Magne Ahlin, Frode Bøthun, Berit C. Orheim, Vegard Bondevik Lie, Jorunn Merete Haukås-Eide.

Meldt forfall:

Jon Erling Oppedal, May Kristel Bødal.

Vegard Bondevik Lie opna møtet med ord for dagen.

Saker

Sak 001/21 Revidert driftsbudsjett 2021

Vedtak:

Sogndal kyrkjelege fellesråd vedtek det framlagde reviderte driftsbudsjettet for 2021 på kontogruppenivå, datert 19.01.21.

Sak 002/21 Investeringsbudsjett 2021

Vedtak:

Sogndal kyrkjelege fellesråd vedtek framlegg til investeringsbudsjett, dat. 18.01.2021

Sak 003/21 Oppfylling og omregulering Tjugum kyrkjegard (gamle felt)

Vedtak:

1. Fellesrådet tek orientering om oppfyllinga av felt G og I på Tjugum kyrkjegard til vitande og bed administrasjonen arbeide vidare med framdriftsplan.
2. Fellesrådet tek med som innspel til vidare arbeid med økonomiplanen at noverande avsette summar i økonomiplanen aukast frå 300.000 til 850.000 i 2023, slik at totalkostnaden vert 1 million.
3. Rådet vurderer ut frå nye opplysningar om problemområda på Tjugum kyrkjegard at det ikkje er aktuelt med kalking av graver i Balestrand og takkar difor nei til tilbod om besøk med informasjon frå Franzefoss Minerals.



DEN NORSKE KYRKJA

Sogndal kyrkjelege fellesråd

Sak 004/21 Kaupanger kyrkjegard - hjortegjerde

Vedtak:

Fellesrådet vil søkje om løyve til oppsetting av gjerde rundt gravplassane på Kaupanger for å hindre tilkomst for hjort på gravplassane.

Sak 005/21 Søknad om tenestekjøp på "tilsyn" og "dagleg leining" av Stedjetunet

Vedtak:

Fellesrådet stiller seg positive til søknaden frå Stiftinga Stedjetunet om tenestekjøp, og gir administrasjonen fullmakt til å inngå ein skriftleg avtale med stiftinga på dette.

Sak 006/21 Høyring - Strategiplan for KA 2021-2025

Vedtak:

Fellesrådet går inn for framlegget til høyringssvar på strategiplanen for KA for perioden 2021-2025 og ber administrasjonen sende inn høyringssvaret innan fristen 1. februar.

Sak 007/21 Skriv og meldingar 27.01.2021

Vedtak:

Fellesrådet tek skriva og meldingane til vitande.

For Sogndal kyrkjelege fellesråd

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal

Underskrivarar

Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet.